



## AREALPLANAVDELING - REFERANSEPROSJEKTER




### PROSJEKTBEKRIVELSE

- Oppdrag: Regulering av nytt hytteområde
- Status: Godkjent
- Oppdragsgiver: Egil Åmlid


### Hægestøyl—hyttefelt i Valle kommune, 2008 -2009

#### Reguleringsplan for fritidsbustader

Planen gjelder regulering av 23 nye fritidsbustader med låg sanitær standard. Planområdet ligg inn mot vestheia i den sørlege delen av Valle kommune. I kommuneplanen sin arealdel for Valle frå 2006 er området lagt ut til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) med høve til spreidd utbygging av fritidsbustader.



"Konfliktkart"; 100 m buffer frå verna vassdrag (blå), 50m frå bekkjen synlig på 1:50000 kart (blå), 50m frå støylsvoll (brun) og 20m frå stien og vinterløype (grøn)



Resultatet av vurderingane og synfaring i området, er at hovudstrukturen på utbygginga delast i fire grupper: Ei gruppe i nordaust med utsiktstomter, to grupper i midtre og nordre del kring myra og ei siste gruppa i lia sør frå ferdselsvegen.

På denne måten får ein teke omsyn til vassdrag, ferdselsveg og støylslandskap, samstundes som tomtene vert liggande godt i terrenget, med gode sol- og utsiktstilhøve. Plassering av tomtene på denne måten gjev òg lite konflikstar til eksisterande støylsbusetnad ved Hægestøyl.